



## Saksframlegg

Arkivreferanse: 2022/134-2

Saksbehandlsamar: Gunhild Austjord

### Sakens gang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Landbruk, miljø og teknisk utval	31.05.2022	25/22
Formannskap	02.06.2022	56/22

## Rullering av trafikksikringsplan - oppstart

**Formannskap si handsaming av sak 56/2022 i møtet den 02.06.2022**

### Røysting

LMT sitt vedtak var samrøystes vedteke.

### Vedtak

Arbeidet med ny trafikksikringsplan 2023 – 2026 blir starta opp. Planen skal ha fokus på tiltak og prosjekt som er under planlegging, samt vurdere nye tiltak som følgje av innspel til planarbeidet. Ikkje prioritere tiltak i planen 2019 - 2022 pkt 6.2 blir vurdert teke opp att i revidering av plan.

---

**Landbruk, miljø og teknisk utval si handsaming av sak 25/2022 i møtet den 31.05.2022**

### Røysting

Tilleggsframlegg frå LMT - utvalet:

Ikkje prioritere tiltak i planen 2019 - 2022 pkt 6.2 blir vurdert teke opp att i revidering av plan.

Kommunedirektørens tilråding med tillegg frå LMT - utvalet vart samrøystes vedteke.

## Vedtak

Arbeidet med ny trafikksikringsplan 2023 – 2026 blir starta opp.

Planen skal ha fokus på tiltak og prosjekt som er under planlegging, samt vurdere nye tiltak som følgje av innspel til planarbeidet.

Ikkje prioritere tiltak i planen 2019 - 2022 pkt 6.2 blir vurdert teke opp att i revidering av plan.

---

## Vedlegg

- 1 Vedteken trafikksikringsplan 181218

## Bakgrunn

Gjeldande trafikksikringsplan blei vedteken i 2018 og har vore lagt til grunn for søknad om aksjon skuleveg-midlar, nå midlar frå trafikksikringsordninga hjå fylkeskommunen. Siste året planen er gjeldande er 2022.

### Gjennomførte tiltak:

- I perioden er det gjennomført erosjonssikring og autovern langs kommunal veg i Modalen.
- Skiltplan for Tokke er nyleg vedteken. Arbeidet med å få på plass nye skilt og adresseskilt skal gjennomførast i år og neste år, så langt me har kapasitet i eigenregi.
- Gateljos frå Tønsbergkrysset til Åsland meter langs Fv 450, skal gjennomførast i haust, etter at Suleskardsvegen er stengt.
- Gateljos på Austheii og i Byrte fekk me ikkje midlar til då tiltaket ikkje er prioritert frå vegeigar si side, fylkeskommunen. Kommunen løyve eigne midlar til tiltaka, som er gjennomført av grendelaga og i drift. Kommunen eig og driftar anlegga.
- Gateljos i bustadfeltet Huvestadlia er på plass. Vidare blir det gjort ei oppgradering av alle eldre gateljos i kommunen ved utskifting til led.
- Det er etablert nye fartsdumpar m.a. på Huvestad og Gullkopp.

Det er gjort andre, mindre tiltak enkelte stader for å betre forholda ved på/avstiging av skuleborn, m.a. at det er laga ei skulder ved Bilstad/ Skafså, og det er gjeve løyving til nytt busstur på Åmdals verk.

### Nye, aktuelle tiltak og pågåande prosjekt

Kryssing frå busshaldeplass og over Fv 450 til Høydalsmo skule og barnehage er ei tilbakevendande sak. Me har fleire gonger vore i dialog med Fylkeskommunen for at dei skal sjå på løysingar for betra tryggleik. Det er 40-sone og fartshumpar langs strekningen, og førebels meiner dei at det gjev god nok sikring.

Det er behov for nyskilting i avkøyring og områda ved Lastein bryggje. Dette ynsker me å gjere etter at nye fundament til hovudbryggje, ny småbåthavn og bubilparkeringa er oppgradert, vonleg i 2023. Tiltaket bør leggest inn i ny trafikkisikringsplan.

Det er sett i gang arbeid med tanke på å etablere overgang over fv 450 ved Hallbjønnsekken for å få til ei betre kryssing for mjuke trafikkantar/skigåarar. Det er dårleg sikt forbi Hallbjønnsenteret, særleg vinterstid med høge snøbrauter. Det blir jobba med et forprosjekt for å sjå på aktuell løysing. Tiltaket bør leggest inn i ny trafikkisikringsplan. Det er vidare søkt fylkeskommunen om permanent nedsett fartsgrense til 60 km/t forbi senteret.

Det er i gang arbeid med reguleringsplan for rassikring langs Fv 3408 Byrte nord. Samstundes er varslingsystem sør for Byrte – Heggveittrøta. Begge desse arbeida skjer i regi av fylkeskommunen, men i nær dialog med innbyggjarar og kommunen. Tiltaka er ordinære rassikringsprosjekt finansiert av fylkeskommunen som vegeigar og blir finansiert fullt ut av dei.

Rassikringsarbeid i andre delar av kommunen, slik som Eidsborgberget og Skafsåberget, må spelast inn til fylkeskommunen sitt handlingsprogram for fylkesvegane. Etter det me kjenner til, skal det lagar rasutgreiing for Skafsåberget i år i regi av fylkeskommunen.

Fylkeskommunen har nyleg vedteke å leggje om fylkesvegen ved Reflebrekk, Eidsborg, og det er løyvd mildar til reguleringsarbeid. Tokke kommune har løyvd 2 mill til tiltaket.

Det blir jobba med løysing kring overgangen ved Lio auto/ YX etter anmoding frå Fau og synfaring/ dialog med fylkeskommunen. Nyleg har me filma punktet med drone, for å gje fylkeskommunen kunnskap om problematikken der foreldre set av borna sine på vegskulder, med påfølgjande uoversiktleg kryssing.

Ny barnehage i Høydalsmo blir lagt til rette med trafikk-løysing for av/ påstigning av born i drop-sone.

G/S – veg frå Gullkopp til Vistad bru, er under planlegging i ny reguleringsplan for Dalen. Tiltaket bør leggest inn i ny trafikkisikringsplan.

Det er utarbeidd og vedteken eit kommunalt skisseprosjekt for trafikkavvikling ved Vest – Telemark Vidaregåande skule/ Tokke skule/ kulturhus m.m. For 2022 har me fått mildar til vidare arbeid med prosjektering. Arbeidet har starta opp.

Det pågår eit eige prosjekt «Frå haldning til handling» i høve til haldningsskapande arbeid kring problematikken knytt til ruskøyring.

Det er i gang arbeid med tilrettelegging for meir sykkelbruk på Dalen, vedteke i eit forprosjekt, og der tiltak og vidare planarbeid pågår: *Rullering av kommunen sin trafikkisikringsplan i 2022 med aktiv bruk av forprosjekt sykkelbygda Dalen . Sjå på nye løysingar i krysset Hotellvegen x Storvegen og gangkryssing Storvegen ved Revahaugvegen, utnytte areal ved barnehage og helse og omsorgssenteret for å lage ein betre tilkomst, parkering, og tydeleggjere areal for gåande og syklende.*

Frå rapport forprosjekt sykkelbygda:

## Hovudmål 2022-2032

Dalen skal vere kjent som «Sykkelbygda» der det er lagt godt til rette for bruk av sykkel og gange for dei mellom 8 og 80 år.

### Delmål

- Det skal vere sikkert og opplevast trygt å sykle på Dalen
  - Det skal ikkje vere alvorlege skadde eller omkomne i gang- og sykkelulykker
- Minst 30% av reiser under 3 km skal vere på sykkel eller til fots
- Det skal bli auka bruk av sykkel og gange
  - til og frå jobb, skule og på handleturen
  - i jobbreiser med korte avstandar
  - i ferie og fritid
  - både i sommar- og vinterhalvåret
- Det skal vere attraktivt å sykle eller gå på Dalen
  - Auka del personar skal vere tilfreds med tilbodet
- Det skal vere godt tilrettelagt for sykkel og gange på Dalen heile året
  - Auka del personar skal vere tilfreds med tilbodet

I ny trafikkisikringsplan vil me sjå på satsingar knytt til Sykkelbygda Dalen og konkretisere aktuelle tiltak.

Den nasjonale satsinga «Leve hele livet,» - innsatsområde 1 av totalt 5 *Eit aldersvenleg samfunn*, seier m.a. følgjande: (utdrag frå kommunestyresaka 21/74 om Stortingsmeldinga Leve hele livet)

#### **1. Eit aldersvennleg Noreg**

*Målet er eit samfunn som legg til rette for at eldre kan bidra og delta. Ei slik satsing må skje på tvers av sektorane. Eit aldersvenleg samfunn handlar om å leggje til rette for eit inkluderande og tilgjengeleg lokalsamfunn som fremjar aktiv aldring. Arbeidet med eit aldersvenleg samfunn kjem heile befolkninga til gode. Eit lokalsamfunn som er trygt, inkluderande og tilgjengeleg for eldre, vil også vere det for born. Eit nærmiljøområde som er utforma slik at eldre kan ferdast utan fysiske hindringar, vil også vere eit gode for andre innbyggjarar.*

*Eit aldersvenleg samfunn legg til rette for:*

- *Høve til å bruke og ferdast i nærområdet*
- *Bu heime lengst mogleg*
- *Attraktive aktivitetar som er enkle å bruke og tilgjengelege*
- *At eldre blir ein ressurs i samfunnet*
- *Å motverke einsemd og sosial isolasjon*

*Ei heilskapleg samfunnsutvikling med fokus på aldersvenleg samfunn skal ha fokus på bustader tilpassa eldre, fysisk aktivitet, uteområde og universell utforming, kommunikasjon og medverknad, samt samfunnsdeltaking og transport.*

Tokke har søkt om å få vere med på eit nasjonalt prosjekt for å tilrettelegge gode uteområde og møteplassar for eldre. Me ynskjer å bruke området ved Byklum-tomta som me har kjøpt, til dette føremålet. Gode trafikk-løysingar, parkering og beplanting bør vere ein del av prosjektet.

I høve til framkome/ universell utforming, er det aktuelt å sjå på tiltak for å fremje dette.

Det har ved fleire høve blitt trekt fram ynskje om overgang med ljøs frå gangveg – Elvarheim. Dette tiltaket bør vurderast nærare i planarbeidet.

### **Vurdering:**

Det har blitt gjort mykje godt arbeid i perioden som har gått, og det pågår mange nye prosjekt og tiltak knytt til trafikksikring. I fyrste omgang må planarbeidet nå startast opp og varslast, der me opnar for innspel og dialog med innbyggjarar, skular, brukargrupper og vegeigar/styresmakter. Etter det utarbeider med ny trafikksikringsplan som blir lagt fram for politisk handsaming før den blir lagt ut på høyring. Endeleg vedtak er venta i november/ desember 2022.

### **Kommunedirektørens tilråding**

Arbeidet med ny trafikksikringsplan 2023 – 2026 blir starta opp.

Planen skal ha fokus på tiltak og prosjekt som er under planlegging, samt vurdere nye tiltak som følgje av innspel til planarbeidet.